

FLEKKE GRENDALAG
c/o Øystein S. Haaland Flekkekleivane 2
6968 FLEKKE

Dato	05.03.2024
Vår referanse	2023/83395-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Susanne Stølheim Aasen
E-post	Susanne.Stolheim.Aasen@vlfk.no
Telefon	97004331

Vurdering av fartsgrensereduksjon - fv. 57 - Flekke sentrum - Fjaler kommune

Viser til motteken sak 08.11.2023, og beklagar seint svar i saka

Saka gjeld

Flekke Grendalag ber om at fartsgrensa på fv.57 mellom Flekke og Rennestraumen vert sett ned til 60 km/t. I dag er det særskilt fartsgrense 60 km/t på delar av strekninga, ved butikken og forbi kommunal veg 39, Hauglandsvegen. Det vert vist til at det er aukande trafikk på fv.57 og at det er høgt fartsnivå på staden.

Saksgang

Vestland fylkeskommune vurderer saker om fartsgrense på fylkesvegnettet. Dersom fylkeskommunen finn grunnlag for endring i dagens fartsgrense vert saka oversendt Statens vegvesen som vedtaksmynde for å sette opp og ta ned offentlege trafikkskilt.

Vestland fylkeskommune pliktar å gjere vurdering av fartsgrense etter Statens vegvesen ved Vegdirektoratet, sine kriterium fastsett i handbok N300 «Trafikkskilt» kapittel 11 «Fartsgrensekriterier».

Vurdering

I Norge er det to generelle fartsgrenser, det er inntil 50 km/t for tettbygd strøk og inntil 80 km/t utanfor tettbygd strøk. Fartsgrensa skal komme fram av vegen sin omgjevnad, tettbygd strøk eller ikkje – og skal i hovudsak ikkje skiltast. Særskilte fartsgrenser, til dømes 60 km/t som det er ynskje om her, kan nyttast for å synleggjere forhold som tilseier redusert fart. Nullvisjonen er eit berande prinsipp for trafikktryggleiksarbeidet i Norge, og dette ligg også til grunn i fastsetjing av fartsgrenser. Eit viktig premiss for vurdering av fartsgrense er at trafikantane på vegen skal kjenne att dei ulike fartsgrensene ved å sjå likskapane i områda dei er nytta. Å setje ned fartsgrenser utan at dei samsvarar med omgjevnaden, kan verte ein falsk tryggleik. Bakgrunnen for dette er at det vert utfordrande for dei køyrande å forstå fartsgrensa og dermed halde ho.

Strekningar med 60 km/t bør som oftast vere lette for trafikantane å kjenne igjen ut frå busetnad, avkøyrslar og lokal aktivitet. Likevel kan det å overhalde fartsgrensa vere eit problem. Fartsgrense 60 km/t vert i hovudsak nytta på vegar med mange avkøyrslar, mykje gang/sykkel-aktivitet langs vegen og randbusetnad.

For å vurdere fartsgrense 60 km/t skal ein nytte berekningsmodellen utarbeidd av Statens vegvesen. I modellen legg ein inn opplysningar om tal avkøyrslar og kryss på strekninga, om det er fysisk tilbod for gåande og syklande og om det er tilbod/verksemd som gir aktivitet av gåande og syklande på køyrevegen. Basert på innlagt opplysningar kjem modellen med eit resultat.

Me ser på heile strekninga når me skal vurdere grunnlaget for å setje ned fartsgrensa. Strekninga det er bedt om redusert fartsgrense er om lag 3 km. frå før dagens skilt om 60 km/t og med til Rennestraumen. På denne strekninga er det i alt tre vegkryss, 13 avkøyrslar til bustader, 8 avkøyrslar til landbruk (driftsavkøyrslar), i tillegg til ei avkøyrslar til fritidsbustad som er stengt med bom. Vidare er det haldeplassar for buss, der eitt av dei er eit kantstopp der bussen stoppar i køyrebanane. Fv.57 er i dag skilta med stadnamnskilt, Flekke og strekninga for særskilt fartsgrense 60 km/t heng saman med den strekninga.

Det er variasjon i omgjevnaden til vegen, delar av strekning er prega av jordbruksareal, medan det også er skog og fjellskjeringar langs vegen. Nokre bustadar og gardsbruket er synleg frå fylkesvegen og andre er meir skjerna frå vegen ved at dei ligg eit godt stykke frå vegen. Hovudtyngda av busetnad i Flekke er lokalisert langs kommunal veg, Hauglandsvegen. Det vil sei at det er få skuleborn som må ferdast langs fylkesveg 57 til og frå skulen. Av andre ting som generere gang- og sykkeltrafikk i området er det butikken, men hovudtyngda vil gå til og frå langs kommunal veg. Når ein skal til miljøstasjonen nyttar ein køyretøy. Me legg difor til grunn av det ikkje er mange mjuke trafikantar som skal til og frå Flekke frå t.d. Rennestraumen eller miljøstasjonen.

Sidan ynskt fartsnivå er avhengig av den individuelle føraren sin respekt for fartsgrensa er eit viktig kriterium for trafikanten si forståing av fartsgrensa. Dersom ein ikkje oppnår ynskt fartsnivå vil lågare fartsgrense verte ein falsk tryggleik. På bakgrunn av dette må ein sjå på variasjonane i området rundt vegen samstundes som ein vurderer dei lokale tilhøva. I denne saka legg me vekt på at hovudtyngda av mjuke trafikantar går og sykklar langs kommunal veg Hauglandsvegen, og at det vil vere langt færre som har eit behov for å nytte fv.57 for å komme seg til og frå t.d. butikken. Til nærare Flekke ein kjem, til meir kan ein forvente at det ferdast mjuke trafikantar. Det er difor naturleg at fartsgrensa er sett ned her, men det vil følast unaturleg å forlenge fartsgrensa forbi Rennestraumen. Dette fordi at det skjer mindre langs vegen i retning Rennestraumen, det er få eller ingen bustadhus på delar av vegen, og tal avkøyrslar går ned, særskilt gjeld dette på strekket mellom dagens fartsgrenseskilt 60 km/t, og like til fyrste gardsbruket på Rennestraumen. Det er registrert ei ulukke i området, det er på den standen det allereie er nedsett fartsgrense og var på grunn av gjenstand i vegbana.

Konklusjon

Når det gjeld å forlenge fartsgrensa i retning mot Dale finn me at starten på særskilt fartsgrense 60 km/t er uehdig. Det er dårleg sikt til skilta og me vil føreslå å flytte skilta til før svingane, i retning mot Dale.

Vidare vurderer me at ei forlenging av fartsgrensa i retning mot Rennestraumen ikkje vil vere i tråd med kriteria. Det er naturleg å avslutte særskilt fartsgrense 60 km/t der den i dag vert avslutta i Flekke. Området ved Flekke går frå randbusetnad med mange avkøyrslar til eit området prega av vegetasjon og lite aktivitet. På slike stader er det vanleg at det er generell fartsgrense som for utanfor tettbygd strok, inntil 80 km/t.

Med helsing
Kathrine Njåstad Blaaflat
for

Ann Kristin Nes
leiar
INV - Vegforvaltning Vestland

Susanne Stølheim Aasen
Overingeniør
INV - Vegforvaltning Vestland

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Kopi til:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER